# UNIVERSALSIKTE

Vi har testa Kahles 3,5-10x50. Eit godt jaktsikte som ikkje er ekstremt i nokon retning.

TEKST & FOTO: JØRUND LIEN




*Kahles KXI 3,5-10x50 har ein toms mellomrør som er langt nok for dei fleste låskasser og montasjer.*



*Kahles KXI 3,5x10x50 har 7 mm pr knepp for justering av treffpunkt.*




*To skot på 10 x, to skot på 7,5 x og to skot på 3,5 x gav denne seksskotssamlinga på 100 meter.*

**FAKTA**

**Modell:** Kahles KXI 3,5-10x50 L
**Pris:** 12 199,-
**Vekt:** 470 g
**Lengde:** 320 mm
**Mellomrør:** Ø 25,4 mm
**Lengde mellomrør:** 135 mm
**Synsfelt 100 m:** 3,5x 11 m, 10x 2,4 m
**Anmerkning:** Trinnlaus justering av lys i retikkel
**Importør:** Schou AS
www.schouvapen.no

9

- + Topp optikk og lysretikkel
- + Synsfelt på 3,5 x, og 0,7 cm kneppjustering
- = God optikk for det meste av jakt

**KAHLES ER EIT** gamalt toppnamn i optikk for jegerar, og Kahles KXI 3,5-10x50 L har belyst retikkel og topp optikk. Dette er typisk for sikte meint for europeiske jegerar. Derimot er 3 x zoomområde, eintoms mellomrør og treffpunktjustering med klikk på 0,7 cm meir amerikansk. Korleis passar så Kahles KXI 3,5-10x50 til norsk jakt, og kva med KXI 3,5-10x50 samanlikna med andre liknande sikte?

**FOR Å SAMANLIKNE** med tilsvarande Kahles med 30 mm mellomrør har KXI 3,5-10x50 L ei vekt på 470 g, Kahles CSX 2,5-10x50 520 g. Prisen er kr 12199 for KXI 3,5-10x50 og kr 16790 for CSX 2,5-10x50.

**KNEPPJUSTERING FOR CSX** er 1 cm, KXI 0,7 cm, i synsfelt på minste og høgste forstørring har KXI 3,5-10x50 L med 1 toms mellomrør 11 m synsfelt på 100 meter på 3,5 x forstørring, CSX 2,5-10x50 har 14,5 m 2,5 x. På 10x har KXI 2,4 m og CSX 4,2 m. Kahles CSX 2,5-10x50 med 30 mm mellomrør har klart større synsfelt enn KXI 3,5-10x50 på både minste og største forstørring.

**NÅ ER DET LITT URETTFERDIG** å samanlikne KXI 3,5-10x50 med ein toms mellomrør med CSX 30 mm. Det er meir nærliggande å samanlikne KXI 3,5-10x50 med Swarovski Z 3 3-10x42 som vart testa i Jakt nr 6: Z 3 er 110 gram lettare, synsfelt på 100 m for Z 3 og 3 x forstørring er 11 m, same som KXI på 3,5 x. På 10 x er synsfelt i Z 3 3,9 m, Kahles KXI 3,5-10x50 har 2,4 m. Pris for Kahles KXI 3,5-10x50 er kr 12199, Swarovski Z 3 3-10x42 kostar kr 10600, lys i retikkel kostar litt ekstra. Både Kahles KXI 3,5-10x50 og Swarovski Z 3 3-10x42 er begge i toppen blant sikte med eintoms mellomrør, med skarp, klar optikk og god lysgjennomgang. Men Kahles KXI 3,5-10x50 har nok ein fordel i dårleg lys - ikkje så mykje på grunn av større objektiv, men på grunn av lys i retikkel.

**KAHLES KXI 3,5-10X50 L** har retikkel i andre fokusplan og treffpunktest med varierande forstørring måtte prøvast. Testrifle Blaser R 93 6,5x55, testpatroner Lapua Scenar 9 g. To seriar med to skot på 10 x, to skot på 7,5 x og to skot på 3,5 x gav to seksskotsseriar på 30 og 23 mm. Seks skot på 100 meter med 30 og 23 mm samling er god presisjon same rifle, patron og sikte som presterer dette, endå betre er det med varierande forstørring! Men likevel ikkje aldeles perfekt: på 10 og 7,5 x vart treffpunkt heilt likt, på 3,5 x sat skota litt ned venstre begge seriar. Utan at det har noko som helst å bety for jaktskot. Test av knepp gav 9,5 cm treffpunktflytting for 14 knepp, to skot før og etter justering gav fire skot på 19 mm – topp presis justering!

**RAUDPUNKTET I RETIKKEL** har enkel justering – skru framover for meir lys, tilbake for mindre lysstyrke. Lyset er sterkt nok til å få eit skarpt og klart raudpunkt midt på lyse sommardagar, til revejakt i nattas muml og mørker er det etter min meining litt vel sterkt på minste lysstyrke. Nå er ikkje KXI 3,5-10x50 L meint som spesialsikte for nattjakt, men likevel ville eg helst hatt fleire trinn nedover med mindre lys før raudpunktet er av.

**SÅ TIL KAHLES** KXI 3,5-10x50 L for norsk jakt: Dette er eit typisk kikkertsikte for jegeren med ei rifle og som vil ha sikte som ikkje er blant dei største, tyngste og dyraste, men likevel vil ha topp optikk og lys i retikkel. Om du vil ha liten minsteforstørring med stort synsfelt og stor forstørring i eitt og same sikte er ikkje Kahles KXI 3,5-10x50 L i den klassen, men til praktisk jakt er normalt 3,5 x lite nok og 10 x høgt nok. Kahles KXI 3,5-10x50 L er enkelt og greitt eitt universalsikte med god optikk og lys i retikkel. Ikkje blant dei mest ekstreme i noko som helst, men eit godt jaktsikte!